



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Maritim og teknisk komite
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	20.06.2016
<b>Tid:</b>	13:30 – 18:05

### Medlemmer som møtte:

Idar Kjell Tarberg	Leder	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Anja Pedersen	Medlem	FRP
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Runar Stave	Nestleder	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP

### Forfall:

Frank Roy Moltu	MEDL	FOLK/SP
-----------------	------	---------

### Varamedlemmer som møtte:

Bjarne Kvalsvik	Frank Roy Moltu	FOLK/SP
-----------------	-----------------	---------

### Andre:

Jon Rune Våge  
Byggesakshandsamar Marie Voldsund  
Byggesakshandsamar Andreas Vagnildshaug

Politisk sekretær Brit Berge  
Byggesakshandsamar Eivind Flåskjær  
Landbrukssjef Anne Kathrine Løberg

Møtet starta kl. 13:30 med synfaring i desse sakene:  
40/16, 42/16, 46/16 og 47/16.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiareren vart desse valde:  
Ole Brubakk og Anja Pedersen.

Skriv delt ut i møte: Møtebehandling i andre utval MTK-sak 52/16.

I neste møte i komiteen vil utviklingsleiar Jarl Martin Møller orientere om arbeidet med «Marine grunnkart»

Marthe Vågsholm Sævik fekk permisjon kl. 16:45 etter handsaming av sak 42/16.

---

underskrifter

Ole Brubakk

Idar Tarberg

Anja Pedersen

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 35/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 36/16	Protokoll frå førre møte.
PS 37/16	Delegerte saker
PS 38/16	Referatsaker
PS 39/16	Marken Marina - 26/3, 216 og 217 - Løyve til etablering av 6 naust med tilhøyrande anlegg
PS 40/16	Gnr 20 Bnr 2 - Frådeling av bustadtomt
PS 41/16	Gnr 16 Bnr 16 Frådeling av nausttomt
PS 42/16	Knut Ove Aspevik 50/4 - Søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel og frå pbl § 1-8
PS 43/16	Lise Nymark-Engelstad 16/112 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og pbl § 1-8
PS 44/16	Razi Nazem Ali og Shohany Nadia 21/12 - Løyve til oppføring av bustad - Dispensasjon frå arealformål i reguleringsplan, avstand til veg og føresegn om antall etasjer på bustad
PS 45/16	Svein Hugås - 45/160 - Dispensasjon frå reguleringsføresegnene til RP Dragsund vedr oppføring av bygg med 2 etg.
PS 46/16	Gunnar Gundersen - 9/6 - riving av gammalt hus på Runde
PS 47/16	Paul R. Kalland - 9/5 - Riving av hus på Runde
PS 48/16	Gnr 29 Bnr 338 Klage på vedtak i MTK-sak 12/16 vedk. avslag på dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådeling av tilleggsareal
PS 49/16	Klage på vedtatt vegnamn Jøsokvegen for eigedomar gnr.80 bnr. 1, 2, 4, 5, og 13
PS 50/16	Gnr 16 Bnr 12 og 13 - Makebyte
PS 51/16	Søknad frå Jetmund Runde om konsesjon for erverv av gnr. 9 bnr. 17
PS 52/16	Planbehov i Herøy kommune 2016-2020

### **Delegerte saker frå avdelingane**

- DS 132/16 Hege og Geir Notøy 40/72 - Ferdigattest
- DS 133/16 Fredrik S. Fredriksen - 23/30 - Tilbygg
- DS 134/16 Ferdigattest riving av bygg 37/78
- DS 135/16 Bjørnar Leine Kvalsund - 36/97 - Garasje
- DS 136/16 Mellombels bruksløyve 30/83 seksjon nr D
- DS 137/16 Mellombels bruksløyve - 34/22 seksjon 5 - 2 etg p-hus
- DS 138/16 Heida Vel - 34/1- Gapahuk
- DS 139/16 Gunnar Vindfjell - 29/54 - Tilbygg/garasje
- DS 140/16 Mellombels bruksløyve - 26/231
- DS 141/16 Ferdigattest tilbygg 29/318
- DS 142/16 Per Christian Giskehaug Siem - 87/6 - Fritidsbustad
- DS 143/16 Sidsel Johannessen - 31/97 - Tilbygg hagestove
- DS 144/16 Tømrer Service AS 60/445 - Ferdigattest
- DS 145/16 Marius Bula 12/307 - Mellombels bruksløyve
- DS 146/16 Stian Bendal - 34/58 - Riving av bod + oppføring nytt garasjebygg
- DS 147/16 Julia Zahl og Vebjørn Sjøstad 4/307 - Løyve til oppføring av støttemur
- DS 148/16 Robert Voldnes 44/43 - Løyve til etablering av flytebrygge
- DS 149/16 Herøy Vasslag SA - vassleidning Borgarhaugvegen/Lisjebøvegen - Løyve til tiltak
- DS 150/16 Harald Sævik 11/3 - Ferdigattest
- DS 151/16 Ferdigattest sel - 87/ 1 og 17
- DS 152/16 Prosteel AS - 38/287 - Dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel - Rammeløyve
- DS 153/16 Ferdigattest - garasje,altan,uthus
- DS 154/16 Åge Karlsen - 40/78 - Naust med pulttak
- DS 155/16 Cecilie Sundgot og Frode Hammerseth 45/165 - Mellombels bruksløyve
- DS 156/16 Arve Kvalsvik - 31/28 - Løyve til endring fasade tilbygg
- DS 157/16 Ferdigattest altan 28/1

- DS 158/16 Ferdigattest garasje 29/320
- DS 159/16 Ferdigattest mellombels testrigg
- DS 160/16 Mellombels bruksløyve - 12/157
- DS 161/16 David Paulsen og Melissa Nerland  
Kvalsund - 25/94 - Riving av bygg
- DS 162/16 Rikard Moe - 26/210 - Tilbygg garasje
- DS 163/16 Magnhild Nerland - 37/48 - Rehabilitering  
av skorstein
- DS 164/16 Møre barne- og ungdomsskule 45/141 -  
Mellombels bruksløyve
- DS 165/16 Cecilie Skotnes og Arne Fagerbakke  
81/13 - Mellombels bruksløyve
- DS 166/16 Tømrer Service AS 45/163 - Ferdigattest
- DS 167/16 Karsten R. Pareliussen 9/44 - Ferdigattest
- DS 168/16 Gullik Kjellstadli og Ingrid Sylvia Renberg  
29/74 - Ferdigattest
- DS 169/16 Adolf Dypvik - 34/147 - Mur
- DS 170/16 Gnr 58 Bnr 1 - Frådeling av bustadtomt
- DS 171/16 Øystein Skogstad 45/42 - Ferdigattest
- DS 172/16 Gnr 25 Bnr 4 - Frådeling av tilleggsareal til  
bnr. 13
- DS 173/16 Ferdigattest 12/276 Fritidsbustad
- DS 174/16 Møre barne og ungdomsskule - 45/148 -  
Grunnarbeid og gangveg
- DS 175/16 Lill Karin Nærø 7/23 - Ferdigattest
- DS 176/16 Vågsholmen Utvikling as - 33/3 m fl - RL  
Veg og VA-anlegg
- DS 177/16 Kjeldsund Ungdomssenter - 44/32 - Ny  
flytebrygge

#### **Referatsaker**

- RS 2/16 Herøy kommune - taretråling
- RS 3/16 Settefylkesmann - klage etter plan- og  
byggningslova - kommunens vedtak  
oppheves og avslås
- RS 4/16 Vedtak i klagesak etter plan- og  
byggningslova.
- RS 5/16 Vedtak i klagesak etter plan- og  
byggningsloven

## **PS 35/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ein del av medlemene bemerkta at møtestart på innkallinga må stemme med faktisk møtestart. I den utsende innkallinga stod kl. 15:00, men møtet starta med synfaring kl. 13:30, melding utsendt etter innkallinga var utsendt.

## **PS 36/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå førre møte låg føre.

## **PS 37/16 DELEGERTE SAKER**

### **Møtebehandling:**

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

## **PS 38/16 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

## **PS 39/16 MARKEN MARINA - 26/3, 216 OG 217 - LØYVE TIL ETABLERING AV 6 NAUST MED TILHØYRANDE ANLEGG**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i maritim og teknisk komite 20.06.2016**

Med heimel i pbl § 21-4 av 27. juni 2008 nr. 71, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner Maritim og Teknisk komite søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-1, datert 11.04.2016 og i samsvar med gitt dispensasjon i MTK-sak 55/15.

Maritim og teknisk komite gjev løyve til oppføring av 6 naust i rekke, flytebryggeanlegg med flytande bølgebrytar på gnr 26 bnr 3, 216 og 217, slik det er søkt om og etter innsendte oppdatert teikningar, situasjonsplan og søknad datert 11.04.2016.

Løyvet er elles gjeve på følgjande vilkår:

1. Det må opparbeidast avkøyrsløse i samsvar med Statens Vegvesen sine krav.
2. Bygninga må stikkast ut (plasserast i terrenget) av kvalifisert personell.
3. Maks mønehøgde 6, 48 m
4. Nausta skal kun nyttast til tradisjonelle naustføremål.
5. Nausta skal ikkje innreist til varig opphold.
6. Det må ikkje etablerast hindringar som begrensar ferdsel i og forbi området.

*Ein Gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

## **PS 40/16 GNR 20 BNR 2 - FRÅDELING AV BUSTADTOMT**

### **Møtebehandling:**

Komiteen var på synfaring på staden.  
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i maritim og teknisk komite 20.06.2016**

Maritim og teknisk komite vedtek at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå arealføremålet i kommunenplanen og løyve til omdisponering av 1 dekar, jf. PBL Jordlova § 9, i med sikte på frådeling at bustadtomt frå gnr. 20, bnr. 2 på Frøystad i Herøy.

Avslaget er grunngjeve med at tiltaket strid med gjeldande kommuneplan, og elles ut ifrå ei samla vurdering av omsynet til jordvernet og landbruksdrifta i området, så vel som samfunnstryggleik.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 – tre – veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.*

## **PS 41/16 GNR 16 BNR 16 FRÅDELING AV NAUSTTOMT**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i maritim og teknisk komite 20.06.2016**

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen og frå deleforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jf. PBL. §§ 19-2 og 1-8, med sikte på frådeling av nausttomt på gnr. 16, bnr. 16.

Maritim og teknisk komite godkjenner – med heimel i PBL § 21-4 og ML §§ 33 og 34 – søknad om løyve til tiltak jf. pbl § 20-1 m, og gjev løyve til oppretting av ny matrikkeleining som omsøkt.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 – tre – veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.*

**PS 42/16 KNOT OVE ASPEVIK 50/4 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ PLANKRAVET I KOMMUNEPLANENS AREALDEL OG FRÅ PBL § 1-8**

**Møtebehandling:**

Komiteen var på synfaring på staden.

Skriv frå Bjarne Tarberg AS på vegne av tiltakshavar vart delt ut i møte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i maritim og teknisk komite 20.06.2016**

Maritim og teknisk komite vedtek at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel og frå tiltak i 100-metersbeltet i strandsona, jfr plan- og bygningslova § 19-2, jfr § 1-8, med sikte på vesentleg terrenginngrep i form av sprenging og planering av areal på naustområde, samt lagring av overskotsmasser i LNF-område for spreidd busetnad på gnr 50 bnr 4 i Herøy kommune.

Avslaget er grunngjeve med at ein dispensasjon frå plankravet i dette høvet vil vesentleg tilsidesette formålet bak plankravet i kommuneplanens arealdel.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 – tre – veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.*

**PS 43/16 LISE NYMARK-ENGELSTAD 16/112 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS AREALDEL OG PBL § 1-8**

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i maritim og teknisk komite 20.06.2016**

1. Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2, gjev Maritim og teknisk komite dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel, samt byggjeforbodet i pbl § 1-8 med sikte på oppføring av naust i samsvar med søknad datert 17.03.2016.
2. Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 21-4 av 27. juni 2008 nr. 71, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner MTK søknad om tiltak etter pbl § 20-4, datert 17.03.2016.

MTK gjev løyve til oppføring av naust på gnr 16 bnr 112, slik det er søkt om og etter innsendte teikningar, situasjonsplan og søknad datert 09.05.2016.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og*



den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 – tre – veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.

**PS 44/16 RAZI NAZEM ALI OG SHOHANY NADIA 21/12 - LØYVE TIL OPPFØRING AV BUSTAD - DISPENSASJON FRÅ AREALFORMÅL I REGULERINGSPLAN, AVSTAND TIL VEG OG FØRESEGN OM ANTALL ETASJER PÅ BUSTAD**

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i maritim og teknisk komite 20.06.2016**

1. Maritim og teknisk komite (MTK) vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå arealformålet forretning, mønehøgde og antal etasjer, samt byggegrense mot veg i reguleringsføresegnene til reguleringsplan 1515\_197602 FRØYSTAD.

Razi Nazem Ali og Shohany Nadia får dispensasjon til å føre opp ny einebustad på gnr 21 bnr 12 på Frøystad i Herøy kommune.

På vilkår:

- a. Dispensasjon frå arealformålet er midlertidig og gjeld i 2 år. Det er vilkår om at Herøy kommune set i gang reguleringsendring for å endre arealformålet frå forretning til bustad.
  - b. Bustaden vert flytta lenger bak på tomta slik at den er minst 5 meter frå senterlinje veg.
  - c. Det må etablerast grøft mellom bustaden og den kommunale vegen.
2. Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) av 27. juni 2008 nr. 71 § 21-4, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner MTK søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-1, datert 17.03.2016.

MTK gjev løyve til oppføring av einebustad på gnr 21 bnr 12, slik det er søkt om og etter innsendte teikningar, situasjonsplan og søknad datert 17.03.2016.

Løynet er gjeve på følgjande vilkår:

1. Det må opparbeidast 2 biloppstillingsplassar pr bueining, der minst 1 skal kunne vere overdekt, jfr reguleringsføresegnene § 13.
2. Bygninga må stikkast ut (plasserast i terrenget) av kvalifisert personell.
3. koordinatar på innmålingsdata som viser bygget si plassering i terrenget skal umiddelbart oversendast kommunen for registrering og godkjenning.
4. Bygningen skal plasserast i høgde med lågaste golv på kote 15,0 ± 0,2 m.
5. Avkøyrslø skal opparbeidast mot kommunal veg i samsvar med kommunal standard.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 – tre – veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.*

**PS 45/16 SVEIN HUGÅS - 45/160 - DISPENSASJON FRÅ  
REGULERINGSFØRESEGNENE TIL RP DRAGSUND VEDR OPPFØRING AV BYGG  
MED 2 ETG.**

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i maritim og teknisk komite 20.06.2016**

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i PBL § 19-2 vert gitt dispensasjon frå § 10 i reguleringsføresegnene til RP 7 – Dragsund. Svein Hugås får dispensasjon for å føre opp ein tomannsbustad i 2. etg på gnr 45, bnr 160.

Dispensasjonen vert grunngjeven med at tiltaket ikkje får nokon vesentleg negative konsekvensar for naboane, hjørnetomta 45/160 vert godt utnytta og bygget har arkitektoniske likskapar til dei nærliggande nabobygga.

*Ein Gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

**PS 46/16 GUNNAR GUNDERSEN - 9/6 - RIVING AV GAMALT HUS PÅ RUNDE**

**Møtebehandling:**

Komiteen var på synfaring på staden.  
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i maritim og teknisk komite 20.06.2016**

Maritim og teknisk komite vedtek med heimel i PBL § 31-1 at det gamle huset på gnr 9, bnr 6, som er omsøkt rive etter pbl § 20-1 bokstav e, skal ivaretakast av kulturell verdi, inntil det ligg føre ein lokal kulturminneplan som gir ei samla oversikt over denne typen bygg i Herøy kommune.

Med heimel i plan og bygningslova § 13-1 vert det derfor sett ned midlertidig forbud mot tiltak. Kommunen som bygningsmynde er av den oppfatning at endring av eigedomen eller tiltak etter §1-6 , her riving, kan vanskeleggjere framtidig planarbeid – planspørsmålet må vere endeleg avgjort. I dette tilfellet ein lokal kulturminneplan.

Søknaden om riving vert ikkje godkjent.

Avslaget er grunngjeve med at det frå regionalt hald er sterkt frårådd å rive bygget, samt at Herøy kommune har ansvaret med å handheve pbl med omsyn til kulturminne utan vern – det aktuelle bygget kan vere eit av få som er att – inntil lokal kulturminneplan er på plass kan ein ikkje godkjenne søknaden om riving.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29*

## **PS 47/16 PAUL R. KALLAND - 9/5 - RIVING AV HUS PÅ RUNDE**

### **Møtebehandling:**

Komiteen var på synfaring på staden.  
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i maritim og teknisk komite 20.06.2016**

Maritim og teknisk komite vedtek med heimel i PBL § 31-1 at det gamle huset på gnr 9, bnr 5, som er omsøkt rive etter pbl § 20-1 bokstav e, skal ivareta kast av kulturell verdi, inntil det ligg føre ein lokal kulturminneplan som gir ei samla oversikt over denne typen bygg i Herøy kommune.

Med heimel i plan og bygningslova § 13-1 vert det derfor sett ned midlertidig forbud mot tiltak. Kommunen som bygningsmynde er av den oppfatning at endring av eigedomen eller tiltak etter §1-6 , her riving, kan vanskeleggjere framtidig planarbeid – planspørsmålet må vere endeleg avgjort. I dette tilfellet ein lokal kulturminneplan.

Søknaden om riving vert ikkje godkjent.

Avslaget er grunngjeve med at det frå regionalt hald er sterkt frårådd å rive bygget, samt at Herøy kommune har ansvaret med å handheve pbl med omsyn til kulturminne utan vern – det aktuelle bygget kan vere eit av få som er att – inntil lokal kulturminneplan er på plass kan ein ikkje godkjenne søknaden om riving.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29*

**PS 48/16 GNR 29 BNR 338 KLAGE PÅ VEDTAK I MTK-SAK 12/16 VEDK. AVSLAG PÅ DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV TILLEGGSAREAL**

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i maritim og teknisk komite 20.06.2016**

Maritim og teknisk komite held sitt tidligare vedtak frå MTK-sak 12/16 ved lag. Det ligg ikkje føre nokon endringar eller nye moment som endrar grunnlaget for vedtak i saka.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

**PS 49/16 KLAGE PÅ VEDTATT VEGNAMN JØSOKVEGEN FOR EIGEDOMAR GNR.80 BNR. 1, 2, 4, 5, OG 13**

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i maritim og teknisk komite 20.06.2016**

MTK vedtek i medhald av Matrikkeloven §21 og matrikkelforskrift §51 at adresseparsellen og namnet Jøsokvegen ikkje vert endra.

**PS 50/16 GNR 16 BNR 12 OG 13 - MAKEBYTE**

**Møtebehandling:**

Det vart opplyst frå landbrukssjefen at vedtaket etter jordlova må stå før vedtak etter plan og bygningslova.

Saka vert sendt attende til administrasjonen for å kvalitetssikre at vedtaket vert rett utforma.

Saka vert difor utsett til neste møte.

**PS 51/16 SØKNAD FRÅ JETMUND RUNDE OM KONSESJON FOR ERVERV AV GNR. 9 BNR. 17**

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i maritim og teknisk komite 20.06.2016**

Med heimel i konsesjonslova av 28.11.2003 nr. 98 med endringar i lov av 19.06.2009 nr. 98 gjev Herøy kommune konsesjon til Jetmund Runde for erverv av gnr. 9 bnr. 17.

Det er eit vilkår at eigedomen Jetmund Runde eig på Runde frå tidlegare gnr. 9 bnr. 35 og 117 vert føya saman med gnr. 9 bnr. 17 til ein landbrukseigedom.

**Grunngjeving:**

Ervervet gjev slike eigar- og brukstilhøve som er mest ganglege for samfunnet.

## **PS 52/16 PLANBEHOV I HERØY KOMMUNE 2016-2020**

### **Møtebehandling:**

Saka vart lagt fram utan tilråding.

Møtebehandling i saka frå dei andre utvala vart delt ut i møte.

Maritim og teknisk komite sluttar seg til formannskapet si tilråding i saka.

### **Tilråding i maritim og teknisk komite 20.06.2016**

- Herøy kommune bør samordne samfunnsdelen sin handlingsdel og økonomiplanen.
- Herøy kommune vil vurdere å oppheve eldre reguleringsplanar som ikkje er realisert.
- Herøy kommune vil delta i interkommunale plansamarbeid der Herøy har interesser

**MØTET SLUTT!**

